

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-6 vart samråystes vedteke.

Innstillinga punkt 7 vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Vestland fylkeskommunen står framlegga som gjeld betra regelverk i driftsfasen for akvakultur, og forventar at dette blir rasjonelt for forvaltninga og næringa. Dette samstundes som omsynet til miljø blir ivaretake gjennom krav i akvakulturdriftsforskrifta.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til dei føreslegne endringane som medfører ei ansvarleggjering av vare- og tenesteprodusentane i akvakulturnæringa.
3. Vestland fylkeskommune står framlegget om ei sikkerheitssone på 500 meter rundt akvakulturanlegg til havs.
4. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundigare prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det vert teke omsyn til dei regionale interessene. Temaet bør takast med i regjeringa sin nye havbruksstrategi som er under arbeid.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsstyresmakt vert tekne med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.
6. Høyringsinstansane er bedt om innspel til betydinga seglingsrutar (seglingskorridorar) vil ha for mobile akvakulturanlegg til havs. Vestland fylkeskommune ser at slike mobile anlegg kan påverke fiskeri, skipstrafikk, friluftsliv, reiseliv, forsvaret, petroleumsverksemd, fornybar energi, røyrleidningar, el-kablar, lagring av CO₂ under havbotnen og mineralutvinning på havbotnen. Vestland fylkeskommune peikar på at marine næringsparkar kan vere ein god måte å dempe konfliktar mellom næringsaktørar som vil bruke same havareal, samt betre samarbeid og samhandling mellom ulike interesser til havs.
7. Vestland fylkeskommune syner til at det er planlagd å gje fiskeridirektoratet mynde til tildeling av konsesjonar til havs. Dette meiner fylkeskommunen er uheldig då fiskeridirektoratet også er tilsynsmynde. Vestland fylkeskommune ynskjer tildelingsløyve også til havs.